

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	653
Land:	Kina
Kilde:	Landinfo
Titel:	Kina: Namnetradisjonar og - skrivemåtar hjå han-kinesarar og ulike minoritetar
Udgivet:	5. januar 2022
Optaget på baggrundsmaterialet:	6. november 2023



Kina: Namnetradisjonar og -skrivemåtar hjå han-kinesarar og ulike minoritetar

- Kva er namnestrukturen hjå høvesvis han-kinesarar og minoritetar som uigurar, tibetanarar og mongolar?
- Korleis vert dei ulike skriftsystema transkribert til latinske bokstavar, og korleis vert dette gjort i til dømes pass?

Bakgrunn

Namnetradisjonane er ulike mellom ulike etniske grupper i Kina. Nokre, som han-kinesarane, har familienamnet først og personnamnet sist, andre har omvendt system, medan atter andre tradisjonelt ikkje har familienamn. Mange av dei sist-nemnte har byrja å ta seg familie- eller etternamn, sidan det er påkravd i stadig fleire samanhengar.

Det finst eit standardisert omskrivingssystem, *pinyin*, som vert nytta i all omskriving frå kinesisk til latinske bokstavar i Kina. Eit tilsvarende system finst ikkje for omskriving frå andre (skrift)språk til kinesisk. Dette har mellom anna med det teiknbaserte kinesiske skriftsystemet å gjere. Sidan teikn, i motsetnad til bokstavar, òg har eit tydingsinnhald, er det vanskeleg å skulle fastsetje eitt standard omskrivingssystem frå andre språk.

I kinesiske pass er ulike språklege minoritetar sine namn gitt opp med kinesiske teikn samt med latinske bokstavar i ein *pinyin*-basert transkripsjon frå dei kinesiske teikna, ikkje frå originalspråket.

Resultatet er at same namn kan sjå ulikt ut i ulike dokument, avhengig av korleis det har vorte omskrive til kinesisk og om det er bytta om på rekkefølgja av namna (som til dømes familie- og personnamn).

Sidan òg namnetradisjonane varierer, og ikkje alle folkeslaga i Kina nyttar eller har nytta familie-/slektsnamn, hender det at det berre står «XXX» i rubrikken for familienamn i passa til personar frå etniske minoritetar.

I pass og ID-kort er standarden modellert over han-kinesiske namn. I tillegg får alle borgarar etnisiteten sin oppgitt på ID-kortet. Kina har 55 nasjonale minoritetar som alle vert rekna som eigne etnisitetar. Av ID-kortet under går det fram av siste teikn i andre linje at eigaren av kortet er han-kinesar (汉). For ein uigur, tibetantar eller mongol vil det stå høvesvis 维吾尔, 西藏 eller 蒙古 i dette feltet.



Kjelde: https://en.wikipedia.org/wiki/Resident_Identity_Card

Han-kinesiske namn

Dei fleste han-kinesarar har namn som består av tre teikn, men mange har namn med berre to. Nokre få har namn med fire teikn. I namnestrukturen hjå han-kinesarar kjem familienamnet først, dernest personnamnet. Heile namnet vert skrive utan mellomrom.

Til dømes er Mao familienamnet i Mao Zedong, medan Zedong er personnamnet. På same vis er Xi familienamnet til sitjande president Xi Jinping. Dei vert derfor omtala som formann Mao og president Xi¹.

Dei aller fleste han-kinesiske familienamn består av berre eitt teikn, medan personnamnet har eitt eller to. Eit døme på to-teikns-namn er Li Peng (李鹏), tidlegare statsminister, der Li (李) altså er familienamnet og Peng (鹏) personnamnet. Mao Zedong (毛泽东) og Xi Jinping (习近平) har tre teikn. Uttalemessig svarar eitt teikn til éi staving. ID-kortet over er eit illustrasjonsdøme, så «namnet» i øvste linje er berre teiknet for «døme» tre gongar: 某某某.

¹ X i kinesisk vert uttala som vår kj-lyd. Namnet «Xi» vert dermed uttala likt som første staving i landet han er president i, det vil seie som Ki- i Kina.

Så finst det nokre svært få familienamn som har to teikn. Då har oftast personen personnamn med berre eitt teikn. Eit døme på dette er den gamle historikaren Sima Qian (司马迁), der Sima (司马) altså er familienamnet.

Heilt unnataksvis finst det fire-teikns-namn, der eit familienamn på to teikn vert følgt av eit personnamn på to teikn. Desse namna er ofte, men ikkje alltid, pseudonym. Eit døme på begge delar, er dramatikaren og scenekunstnaren Ouyang Yuqian (欧阳予倩) som eigentleg heitte Ouyang Liyuan (欧阳立袁).

Nye tider gjev nye kulturelle praksisar, inkludert nye namnemønstre. Han-kinesiske kvinner tek normalt ikkje mannen sitt familienamn når dei gifter seg, og barna deira får vanlegvis far sitt familienamn. Samstundes har familieplanleggingspolitikken som vart ført gjennom fleire tiår, gjort at mange kinesiske barn er einebarn. Dei er såleis den einaste som kan føre familienamnet vidare. Mellom anna derfor har nokre han-kinesiske barn no begge foreldra sine familienamn. Barnet sitt namn kan til dømes verte Zheng Cheng Yunjia, der Zheng er far sitt familienamn, Cheng er mor sitt og Yunjia er personnamnet (Chen 2011). Dette er likevel enno langt frå normen.

Uigurske namn

Uigurane er eit tyrkisk (*turkic*) folkeslag, og namnestrukturen deira er annleis enn han-kinesarane sin. Det vanlege er at eit barn får eit personnamn og så far sitt personnamn som familienamn. Slik vil til dømes dei to sønene til ein mann som heiter Abdurashid Tohti, kunne heite Ametjan Abdurashid og Muhamed Ali Abdurashid (sjå til dømes Iman 2019). Eventuelle døtrer vil på same måte få far sitt namn som namn nummer to.

I Kina vert uigursk skrive med det arabiske alfabetet.² Når uigurske namn skal transkriberast til latinske bokstavar i Kina – til dømes til bruk i kinesiske pass – skjer transkripsjonen normalt via kinesiske teikn. Denne omskrivingsmetoden gjer at same namn kan sjå svært ulikt ut, avhengig av måten det er omskrive på. Namnet Mohammed er vert ofte skrive 穆罕默德 på kinesisk, og standard *pinyin*-omskriving til latinske bokstavar vert då Muhanmode. Nokre gongar er imidlertid det første teiknet 默, og då vert stavinga Mohanmode. Eit vanleg namn som Kadeer (Qadir) kan skrivast til dømes 卡德 eller 卡迪尔, og omskrivinga vert då høvesvis Kade eller Kadier. Eit namn som på kinesisk vert skrive 买买提明, vil skrivast Maimaitiming med latinske bokstavar, men direkte omskrive frå uigursk (مەمەتتىن) kan det til dømes skrivast Memtimin.

Sidan utforminga av pass og ID-kort er basert på han-kinesiske namn, kan det sjå litt annleis ut når andre etnisitetar sine namn skal skrivast inn. ID-kortet på side 2

² Det arabiske alfabetet er ein *abjad*, det vil seie eit skriftsystem der kvar bokstav står for ein konsonant, medan vokalane normalt ikkje vert skrivne.

er som nemnd berre eit døme, men om det var eit namn, ville det første teiknet vore familienamnet og dei to siste personnamna. Heile namnet vert skrive utan mellomrom. Etniske minoritetar, derimot, får gjerne ein prikk som markør mellom namna. På kortet til ein uigur som til dømes heiter Abdurashid Tohti, vil det kunne stå 阿布都热西提 · 托胡提, der prikken skil familie- og personnamnet³. I kinesiske pass er eigaren sitt namn òg transkribert til latinske bokstavar. Namnet er ikkje omskrive direkte frå minoritetsspråket, men via dei kinesiske teikna. Namnet til personen nemnd over, vil derfor vere stava Abuduorexiti Tuohuti i passet hans.

Same omskrivingsproblematikk vil gjelde i passa og ID-korta for mange av Kina sine minoritetar, inkludert dei som vert omtala i denne responsen.

Tibetanske namn

Tibet er ein stor region. Det tibetanske kulturområdet dekkjer, i tillegg til den såkalla autonome regionen Tibet, også store delar av Qinghai- og Sichuan-provinsane i Kina. Befolkninga er mange stader svært spreidd, og det er stor variasjon i både språk, dialekter og tradisjonar.

Òg tibetanarane sine språk og namnekulturar er ulike dei han-kinesiske. Tibetanarane er for det meste buddhistar, og det har vore vanleg at ein lama (munk) gjev eit nyfødd barn personnamn. Mange barn vert kalla opp etter lamaer, foreldra sine eller dagen dei er fødte på (Childs 2003, s. 18). Nyima, til dømes, er eit vanleg tibetansk namn og tyder søndag.

Familie-, slekts- eller klannamn vert sjeldan nytta utanfor slektslinene til lamaar eller andre av høgare byrd. Mange tibetanarar har (eller nyttar) derfor berre eitt namn, medan andre har to tostavingsnamn der begge er personnamn, ikkje familienamn. Eit felles sistenamn tyder derfor ikkje (med naudsyn) at personar er i slekt. Omvendt treng heller ikkje medlem av same familie dele namn (Childs 2003, s. 17; Home Office 2010, s. 9).

Nokre tibetanarar har i praksis teke hus(halds)namnet (*house name*) sitt som familienamn. Childs (2003, s. 17–18) beskriv til dømes ein familie som vart kalla Khang dkar (kvitt hus) fordi dei hadde eit svært kvitkalka hus. Tradisjonelt ville ein person vere kjend berre under personnamnet/-a sine heime, men kanskje i tillegg nytte landsbynamnet på reise. Til dømes kunne ein person som heitte Nor rgyas og kom frå Ko landsby, nytte namnet Ko pa Nor rgyas på reise. No nyttar altså nokre tibetanarar dette namnet som familienamn.

³ Strengt tatt er det ikkje her snakk om familienamn, men patronym. Vi vel likevel konsekvent å nytte «familienamn» som motsetnad til personnamn i denne responsen.

Nokre tibetanske namn er svært vanlege, og mange tibetanarar heiter heilt eller delvis det same. Mellom anna derfor er det vanleg med kallenamn, og personar kan derfor vere kjend under eit anna namn enn det hen formelt er folkeregistrert som (sjå til dømes Dorje 1985, s. 37).

Nokre tibetanarar tar eit heilt nytt namn i vaksen alder, til dømes om dei vert ordinerte til munk eller nonne (Childs 2003, s. 18).

Det tibetanske språket vert skrive med eit skriftsystem av nord-indisk opphav kalla abugida⁴. Transkripsjon til kinesisk skjer via eit ikkje standardisert system, som nemnd i innleiinga. Transkripsjon frå tibetansk til latinske bokstavar er komplekst. Ortografien i skriftleg tibetansk har ligge fast i tusen år, medan uttalen har halde fram med å utvikle seg gjennom hundreåra. Dermed må ein, når ein skal transkribere, velje om ein vil basere seg på korrekt attgiving av uttale eller stavemåte. Alt ettersom kva ein vel, kan transkripsjon gjerast i høve til (minst) fem ulike system: Wylie, Tibetan pinyin, Dzongkha phonetic, ALA-LC Romanization eller THL Simplified Phonetic. Dermed kan same tibetanske namn skrivast svært ulikt med latinske bokstavar.

Transkripsjonen av eit namn til latinske bokstavar vert òg ulik alt ettersom det er transkribert direkte frå tibetansk eller via kinesiske teikn. Eit vanleg namn som vert skrive རྒྱལ་མོ་ལོ་ཤོ་ på tibetansk, kan til dømes skrivast Gyatso, Gyamco eller rGya mtsho med latinske bokstavar avhengig av transkripsjonssystem. Med kinesiske teikn vil namnet normalt skrivast 嘉措, og standardisert *pinyin*-transkripsjon frå kinesiske teikn gjev då stavemåten Jiacao med latinske bokstavar.


Mongolske namn

Kring seks millionar etniske mongolar bur innafor Kina sine grenser, mellom anna i den såkalla autonome regionen Indre Mongolia (china.org u.å.). Det mongolske språket høyrer til den mongolske språkfamilien, som er ubeslekta med den sino-tibetanske som kinesisk (mandarin) høyrer til. Alfabetet som vert nytta for å skrive mongolsk i Kina, er utvikla frå det gamle uigurske alfabetet⁵. Det vert skrive i vertikale liner frå venstre mot høgre.

Mongolsk er eit alfabetisk språk, og transkripsjon til latinske bokstavar er derfor enklare enn frå til dømes tibetansk. Likevel gjeld same problematikk som for dei andre språka nemnt ovanfor, der transkripsjon direkte frå mongolsk til latinske bokstavar gjev eit anna resultat enn transkripsjon som går via kinesiske teikn.

⁴ Ein abugida er eit skriftsystem der kvart teikn står for ein lydsekvens beståande av ein konsonant etterfølgt av ein vokal. Abugidaer skil seg både frå ekte alfabetssystem, der ein skriv både konsonantar og vokalar, og frå abjadar, der ein skriv berre konsonantane (SNL 2021).

⁵ I den sjølvstendige staten Mongolia vert mongolsk skrive med kyrilliske bokstavar.



Dette er den mongolske måten å skrive Djengis Khan på (som for øvrig vert stava Genghis Khan på engelsk). Det skrivast 成吉思汗 på kinesisk, og transkribert til latinske bokstavar gjev det Chengji Sihan. «Khan» er elles ikkje eit namn, men ein tittel som tyder «herskar».

Mongolane har tradisjonelt vore organisert i klanar. Klansnamna har, i staden for familienamn, synt korleis folk var ordna i ulike slekter. Mange mongolar nyttar patronym, slik at ein person som heiter Bayar og som er son av Dashdorj, kan heite Dashdorjin Bayar (-in er ei genitivsending) (Moses 1988). For meir om mongolske namn i republikken Mongolia, sjå Landinfo (2022).

Når mongolske namn skrivast om til kinesiske teikn, vil lydlikskapen vere svært omtrentleg. Avhengig av korleis det lyder, vil eit mongolsk personnamn normalt skrivast med 3–6 kinesiske teikn. For kinesarar som les desse namna, vil det vanlegvis vere openbart at det dreier seg om eit mongolsk namn (eller i alle fall ikkje eit han-kinesisk namn). Dei namna som vert omskrive til tre kinesiske teikn, kan likevel i visse høve misforståast. Til dømes vert namnet Ulanhu (Улаанхуу) gjerne omskrive 乌兰夫, Wulanfu. Sidan 乌, Wu, er eit vanleg han-kinesisk familienamn, hender det at slike namn blir registrerte med Wu som familienamn og Lanfu som personnamn.

I etniske mongolar sine kinesiske ID-dokument vert ofte berre personnamnet teke med. I dokument der det er ein eigen rubrikk for familienamn, vil det då stå «XXX» i den. Årsaka til at ikkje familienamn eller patronym er teke med, kan vere at styresmaktene meiner at namnet er for langt, det vil seie at det vert for mange teikn på kinesisk (An 2012).

Om Landinfos responser

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis-og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responser er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjente kvalitetskriterier for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kilde- og informasjonsanalyse](#).

Responser frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responser er ikkje meint å vere utfyllande utgreiningar av eit tema. Responser er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responser er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Referanser

Skriftlige kilder

- An, P. (2012, 25. februar). 中国需解决少数民族因名字遇到的麻烦. [Kina må løyse problema som minoritetane opplever på grunn av namna sine]. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/mandarin/yataibaodao/min-02252012010842.html> [lasta ned 24. november 2021]
- Chen, Y. (2011, 25. november). Four-letter names. *China Daily*. Tilgjengeleg frå https://usa.chinadaily.com.cn/weekly/2011-11/25/content_14158859.htm [lasta ned 25. november 2021]
- Childs, G. (2003). Names and Nicknames in sKyid grong. *The Tibet Journal*, Vol 28 (3), 17–28. Tilgjengeleg frå <https://www.jstor.org/stable/43302521> [lasta ned 15. november 2021]
- China.org (u.å.). The Mongolian ethnic minority. *China.org*. Tilgjengeleg frå <http://www.china.org.cn/e-groups/shaoshu/shao-mongolian.htm> [lasta ned 24. november 2021]
- Dorje, R. (1985). *Food in Tibetan Life*. London: Prospect Books.
- Iman, N. (2019, 8. oktober). I Was a Model Uighur. China Took My Family Anyway. *Foreign Policy*. Tilgjengeleg frå <https://foreignpolicy.com/2019/10/08/i-was-a-model-uighur-china-took-my-family-anyway/> [lasta ned 22. november 2021]
- Home Office (2010, 8. januar). *Country of Origin Information Report – China*. London: Home Office. Tilgjengeleg frå <https://www.refworld.org/docid/4b4f16222.html> [lasta ned 26. november 2021]
- Magnier, M. (2004, 28. november). In Modern World, Mongolians Conclude, One Name Is Not Enough. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.washingtonpost.com/archive/politics/2004/11/28/in-modern-world-mongolians-conclude-one-name-is-not-enough/3686b8ef-c2c3-4148-a64a-a57897eae74/> [lasta ned 24. november 2021].
- Moses, L. W. (1988). Naming patterns among the Mongols. *Mongolian Studies Vol. 11*, 25–34. Tilgjengeleg frå <https://www.jstor.org/stable/43194448> [lasta ned 24. november 2021]

Landinfo (2022, 4. januar). *Mongolia: Namn og namnestrukturar*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå <https://landinfo.no/wp-content/uploads/2022/01/Mongolia-respons-Namn-og-namnestrukturar-04012022.pdf> [lasta ned 5. januar 2022]

SNL, dvs. Store norske leksikon (2021, 17. mars). Abugida. *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå <https://snl.no/abugida> [lasta ned 25. november 2021]

© Landinfo 2022

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.